

NYHETSBREV

For medlemsbedrifter i
Finnøy Næringsforening

November 2013



Temamøte Tysdag 3. desember

Sett av **tysdag 3. desember kl. 18.00.**

Då arrangerar Finnøy Næringsforening temakveld for medlemsbedriftene sine.

Me kjem tilbake med ein eige invitasjon med detaljert program som vil gå ut på e-post til dykk alle. Tema for kvelden:

Kva kan kommunesammanslåing bety for næringslivet?

Vi har invitert Arne Bergsvåg som vil fortelje om prosessar Ølen og Vindafjord kommune var igjennom då desse to kommunane slo seg saman i 2005. Vi er svært glad for at Arne Bergsvåg har takka ja til å kome. Han holdt eit liknande innlegg i Haugesund og i næringsforeninga der, for kort tid sidan.

Lokalpolitikarar i Finnøy vil også få invitasjon om å delta denne kvelden og vi håpar på gode diskusjonar kring tema.



Arne Bergsvåg (født 1958) er politiker og representerer Senterpartiet. Han vart ordførar i Ølen kommune i 1999. Under kommunesammenslåinga i 2005 då nye Vindafjord vart etablert, vart han i direkteval valt til ny ordførar med 65 prosent av stemmene. Arne Bergsvåg har vore medlem av fylkestinget sidan 2003. Han gjekk av som ordførar etter kommunevalet i 2011.
(Wikipedia)

Kommuneplan- samfunnsdel

I samband med revidering av samfunnsdelen av kommuneplanen har Finnøy Næringsforening blitt utfordra til å utforme næringsdelen i denne planen .

- Nosituasjon

Styret: Siv Flesjå (leiar), Lars Martin Hetland (nestleiar), Geir Landsnes, Reidar Roda, Frode Hesby (1. vara), Eva Bringeland (2. vara) Sekretær: Heidi Skifjell i Ryfylke Næringshage. Kommunen sin repr.: Erling Eggebø (SP)/ Berit Hopland (H)

- Utfordringar
- Framtidsbilde og hovudmål
- Delmål og handlingsstrategiar

Kommunen ønskjer i utgangspunktet eit kortfatta innspel i denne runden, eit par sider. Oppdraget no er å dra dei lange linjene, teikne framtidsbilde, formulere prioriterte mål på relativt overordna nivå og seie noko om handlingsstrategiar for å oppnå måla. Samfunnsdelen skal ikkje dykke ned i detaljane. Derimot vil den vere eit grunnlag for vidare konkretisering gjennom f.eks. jobbing med strategisk næringsdokument /strategisk næringsplan for Finnøy kommune.

Styret er glad for at kommunen brukar næringsforeninga i dette arbeidet.



Vil bedriften din ha besøk?

Vi minner om at ordførar og varaordførar ønskjer å besøke bedrifter i Finnøy. Vil din bedrift ha besøk, meld inn på e-post fnhage@finnoy.com

Vi organiserer den vidare kontakt.

Neste styremøte

Neste styremøte i Finnøy Næringsforening er **tysdag 26. november**. Har du sakar du ønskjer styret skal ta opp, ta kontakt!

Noko du vil at styret bør sjå nærmare på, ta kontakt.

Møteplass Næringsforeningen i Stavanger-regionen

Finnøy Næringsforening og fleire av næringsverksemdene våre har medlemskap i Næringsforeningen i Stavanger- regionen.

<http://www.rosenkilden.no/> annonserar fleire gode og viktige møteplassar for kurs, nettverk og kompetansetilbod. Gå inn på linken over og vidare til møtekalenderen. Av ting som skjer resten av månaden, kan nemnast:

- ✓ 15. nov kl.11.00: Det Norske Måltid, Måltidskonferansen.
- ✓ 15. nov. kl. 12.00: Kvinneplassen.
- ✓ 15. nov. kl. 19.00: Det Norske Måltid, Matgallaen.
- ✓ 19. nov. kl. 08.30: Hva betyr pensjonsreformen?
- ✓ 19. nov. kl. 18.00: Treffpunkt Rennesøy.
- ✓ 21.nov. kl.11.00: Statoils byggeplaner på Forus.
- ✓ 22. nov. kl. 11.00: Lederskolen III
- ✓ 26. nov. kl. 08.30: Kjøp og salg av virksomheter.
- ✓ 27. nov. kl. 11.00: Sosiale medier og EM i curling.

Styret: Siv Flesjå (leiar), Lars Martin Hetland (nestleiar), Geir Landsnes, Reidar Roda, Frode Hesby (1. vara), Eva Bringeland (2. vara) Sekretær: Heidi Skifjell i Ryfylke Næringshage. Kommunen sin repr.: Erling Eggebø (SP)/ Berit Hopland (H)

Kompetansefond

Vi minner om at Finnøy Næringsforening har øyremerkede midler til kurs, -og kompetanse som medlemsbedrifter kan søkje på. Ta kontakt med Heidi Skifjell på telefon 975 02 974 for nærmare informasjon, eller søk direkte til: fnhage@finnoy.com.

Innhald i søknad:

Navn på bedrift og kontaktinfo, kva slags kurs/kompetanse gjeld det, kvifor er dette kurset eller denne kompetansen viktig for di bedrift, samt kva kurset vil koste og kor mykje du søkjer i støtte.



Det er viktig med eit oppdatert næringsliv. Er det kurs du vil vi skal leggje til rette for, ta kontakt ☺

Aktuelle kurs?

Er det kurs du ønskjer vi skal leggje til rette for i Finnøy, ta kontakt og meld inn tema. Næringshagen kan arrangere kurs næringslivet har behov for.

Kongens fortенestemedalje

Finnøy Næringsforening gratulerer Trond Spanne med Kongens fortенestemedalje. Denne vart delt ut på ei markering på Utsyn Ungdomssenter tysdag 19. november. Vel fortent!

Helsing Styret.

Styret: Siv Flesjå (leiar), Lars Martin Hetland (nestleiar), Geir Landsnes, Reidar Roda, Frode Hesby (1. vara), Eva Bringeland (2. vara) Sekretær: Heidi Skifjell i Ryfylke Næringshage. Kommunen sin repr.: Erling Eggebø (SP)/ Berit Hopland (H)